

Til løyvehavarar med selskapsvognløyve i  
Hordaland

Dato: 08.01.2018  
Vår ref.: 2018/143-1  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Innhenting av statistiske opplysingar

Selskapsvognløyve er behovsprøvde. Løyvestyresmakta skal no vurdere behovet for denne type løyve i Hordaland løyvedistrikt på nytt.

Det går fram av yrkestransportforskrifta § 21 at løyvehavar skal gje dei økonomiske og statistiske opplysingar løyvestyresmakta bestemmer og på den måte løyvestyresmakta fastset.

Vedlagt følgjer eit rekneark der ein ber løyvehavarar med selskapsvognløyve innrapportera økonomiske og statistiske opplysingar. Det skal rapporterast for kvart einskild løyve for 2016 og for 2017.

Ein ber vidare om svar på følgjande spørsmål:

1. Har publikum høve til å tinga transport heile døgnet alle dagar? Dersom nei, til kva tider og på kva måte kan publikum tinga transport?
2. Må løyvehavar avvisa kundar som ber om skyss på grunn av manglande kapasitet? Dersom ja, på kva tider er kapasiteten for liten, og i kor ofte skjer dette?

**Svarfrist er 15. februar 2018.**

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*